

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	03.07.2023
Vår referanse	2023/59977-5
Dykkar referanse	23/4523
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - VA-anlegg - gnr. 445 bnr. 1 og 25 og 54 - Manger - Alver kommune

Viser til brev dagsett 07.06.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 21.06.2023 med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 30.06.2023. Det er allereie gjennomført tiltak i området. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift